



Kvinnherad kommune

Helse

Miljøretta helsevern

Rosendalsvegen 10

5470 ROSENDAL

Tel: 53483100

Fax: 53483130

Org. nr: 964 967 636

Bankgiro: 3460.07.00083

post@kvinnherad.kommune.no

www.kvinnherad.kommune.no

facebook.com/kvinnherad

Sunde Prosjektutvikling A/S

Sundsvegen 132-140

5450 Sunde



Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Synneve Skei	46892097	2016/3959-4	ssk	07.12.2016

Vedtak - forureina grunn - 145/369 - Husnes - krav om undersøking og oppfølging

Bakgrunn

Kommunen fekk den 07.03.2016 brev frå Advokatfirmaet Respona som representerte eigarane av Skoglyvegen 16,18,20,og 22 på gnr/bnr 145/369 der det vart hevda å vera grave ned store mengder bitar av asbesttak i fyllingsmassane på tomta. Bitar av taket kunne registrerast på overflata i området.

Ferdigattest for bygningane på tomta var skriven ut 26.09.2013 utan at det var anmerkingar i kontrollerklæringane om forureina grunn. Kommunen registrerte difor dette som eit avvik og opna byggesaka att.

Den 16.03.2016 vart det halde synfaring og møte med tiltakshavar, ansvarleg søkjar, ansvarleg utførande og representantar frå huseigarane. Kommunen konkluderte med at det var registrert eit avgrensa omfang av eternitbitar på eigdommen. Omfanget var likevel så stort at det genererte tiltak.

Kvinnherad forvaltningskomite behandla saka den 04.05.2016 og gav tiltakshavar, Sunde Prosjektutvikling A/S (SP A/S) pålegg om å skifta ut ureina massar i eit konkret område. Vidare skulle det gravast ei kontrollgrop for å utelukka ytterlegare spreining. Dersom denne kontrollen medførte funn, skulle det vurderast nye tiltak. Det vart funne spor av eternit i 3 prøvehol. Kommunen stoppa då arbeidet og bestemte at vidare behandling av saka skulle heimlast i forureiningslova.

Varsel om vedtak

Viser til varsel om vedtak datert 08.11.2016. Kommunen har etter utsending av førehandsvarsel mottatt merknad frå grunneigarane om at antal prøvehol som vart grave opp er feil. Dette er retta frå to til tre. Det er også gjort ein anna formulering i vedtak som er meir presist og eintydig i forhold til formulering i førehandsvarselet.

Krav om undersøkingar og eventuell oppfølging

Kommune har i samsvar med utgreiinga ovanfor grunn til å tru at det er spor av eternit i grunnen på eigedom gnr/bnr 145/369. Det er uvisse kring mengde og omfang, og kommunen krev difor at SP A/S knyter til seg eit føretak med særleg fagleg kompetanse på området og får utført

følgjande med heimel i forureiningsforskrifta:

Vedtak

SP A/S gjennomfører nødvendige undersøkingar for å få klarlagt omfanget og betydninga av ureininga. Det skal gjennomførast undersøkingar etter Norsk Standard NS-ISO 10381-5 for å konstatere om gjevne normverdiar er overskridne. Jf forureiningsforskrifta §2-4.

Dersom normverdiar er overskridne slik at det må gjerast tiltak (jf §2-5), skal det utarbeidast ein tiltaksplan for opprydding, jf §2-6. Denne skal godkjennast av kommunen. Når vedtak er gjennomført skal konklusjonane presenterast for kommunen og innhaldet i ein eventuell tiltaksplan skal leggjast fram.

Frist for gjennomføring av vedtak vert sett til 01.03.2017.

Klagerett

Klage over enkeltvedtak i medhald av *Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker*

(forvaltningslova), vert handsama i samsvar med § 28 direkte i det kommunale klageutvalet.

Dersom det kommunale klageutvalet stadfestar det administrative vedtaket, eller avviser klagen, går klagen til Fylkesmannen som klageinstans. Fristen til å klage er satt til 4 veker frå dette brevets mottaksdato.

Med helsing

Synneve Skei
Saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Tormod Fossheim
Oddvar Larsen
Advokatfirmaet Responsa

Mottakarar:

Sunde Prosjektutvikling A/S Sundsvegen 132-140 5450 SUNDE I SUNNHORDLAND